# PFU-SAK NR. 270/13

**KLAGER:** Hege og Leif Bjørn Husabø
**ADRESSE:** heghusab@online.no
**TELEFON:**
**PUBLIKASJON:** Sogn Avis
**PUBLISERINGSDATO:** 23.09.2013
**STOFFOMRÅDE:** Forvaltning
**GENRE:** Nyhetsartikkel
**SØKERSTIKKORD:** Samtidig imøtegåelse
**REGISTRERT:** 30.09.2013
**BEHANDLET I SEKR.:** 11.10.2013
**BEHANDLES I PFU:** 26.11.2013
**FERDIGBEHANDLET:** 26.11.2013
**BEHANDLINGSTID:** 56 dager
**KLAGEGRUPPE:** Privatpersoner
**PFU-KONKLUSJON:**
**HENVISNING VVPL.:**
**RETTSBEHANDLING:**
**OMTALE/ANONYM.:**
**MERKNADER:**

**SAMMENDRAG:**

**Sogn Avis** publiserte **mandag 23. september** en nyhetsartikkel med tittelen «**Mister heile utsikta**» og undertitlene «**Reagerer på saksgang**» og «**Fekk ikkje sjå teikningane».** Artikkelen er illustrert med et bilde av to personer som står på en veranda og ser ned mot en tomt. I ingressen står det:

> **«Det minste me kan forlanga er at me får sjå teikningane, seier Torbjørn Strømseng.»**

Det framgår at Strømseng og kona reagerer på hvordan «**det vart gjeve byggjeløyve til huset som vil ta frå dei heile utsikta».** Det står at det på befaring ble oppdaget at «**ingen av naboane hadde fått sett dei endelege teikningane»,** men at formannskapet likevel stemte for byggeplanene. Videre står det:

> **«- Me ønskjer ikkje å bli oppfatta som surmaga naboar, men meiner at dei som skal byggja har gått fram på feil måte når dei, heilt frå starten av, seier dei skal øydeleggja for utsikta vår, seier Jean Rockwell, som bur i leilegheita over ekteparet Strømseng.»**

Hovedinnvendingene mot byggeprosjektet er nevnt, men det understrekes at naboene «**først og fremst reagerer på (...) saksgangen»:**

> **«Dei fortel at då nabovarselet kom, måtte dei be om å få teikningane over huset. Og då dei kom, viste det seg at minst tre av naboane hadde fått ulike teikningar. (...) Difor kravde dei ei ny høring, basert på teikningane som faktisk gjeld. Det vart**

> **blankt avvist. - Kommunen har gjort vedtak på teikningar me ikkje har sett, seier Rockwell (...).»**

Hun mener saksgangen videre **«skaper eit inntrykk av at utbyggjar har ein skjult agenda».**

I en undersak svarer Rådmannen på kritikken mot kommunen. Han understreker at naboene har rett til å klage på formannskapets vedtak.

**KLAGEN:**

**Klager** er husbyggerne, Hege og Leif Bjørn Husabø. De mener seg utsatt for sterke beskyldninger, og skriver: «Det står i artikkelen "dei som skal byggja har gått fram på feil måte når dei, heilt frå starten av, seier dei skal øydeleggja for utsikta vår". Denne påstanden har verken me eller byggmestaren fått kommentera i samme artikkel, noko me har krav på jf. Vær Varsom plakaten punkt 4.14 (...). I e-post utveksling med redaktøren i etterkant, seier han at me ikkje er identifisert (...). I ei lita bygd som Leikanger, er bilde av tomta og naboane, det samme som å oppgi navn og adresse.»

Klager skriver videre: «Overskrifta "Mister heile utsikta", stemmer ikkje, det kunne journalisten lese i saksframlegget til Formannskapsmøte, jf. vedlegg.»

**FORSØK PÅ MINNELIG LØSNING:**

Partene har vært i kontakt med sikte på å løse saken i minnelighet, uten at dette har ført fram.

**TILSVARSRUNDEN:**

**Sogn Avis** skriver: «Eg ser at setninga kanskje kan utløysa samstundes imøtegåing, men meiner det finst fleire formildande omstende i dette tilfelle. Den viktigaste forklaringa på at «ryggmargsrefleksen» me har innarbeid om 4.14, ikkje har slått ut her, er at verken byggherre eller utbyggjar er identifisert. Eg registrerer at klagar meiner at biletet frå verandaen til naboen er det same som å oppgje namn og adresse, noko eg er heilt usamd i. Du skal vera svært lokalkjend for å vita kven dette handlar om utifrå sak og bilete (...). Eit anna formildande element er at kritikken i denne artikkelen i all hovudsak er retta mot kommunen si sakshandsaming (...). Eit tredje formildande element er at rådmannen i Leikanger kommune (...) har fått tilsvar til kritikken på vegner av kommunen. Han opplyser at for desse naboane er det einaste rette å klaga, både på vedtak og sakshandsaming.»

Avisen avviser dermed brudd på punkt 4.14.

**Klagerne** påpeker at redaktøren tilbød en beklagelse av den ene påklagede setningen én måned etter publisering, men at han i første omgang kun tilbød klagerne å gi sitt syn på saken i avisen.

Videre står det: «Han skriv også at ein må vere lokalkjend for å klare å identifisere oss, det stemmer ikkje. Leikanger kommune har litt over 2000 innbyggjarar, så dei fleste er

lokalkjende (...). Det han skriv om at naboane har fått ulike teikningar, er også feil. Dei fekk ulike skisse i byrjinga, og fekk beskjed om at desse ikkje var endelege. Dei fekk alle utdelt endelege teikningar når planane var klare. At det dukka opp heilt nye teikningar veka før oppslaget i avisa, (...) er også feil. Kommunen hadde fått dette teikningane, og det var berre gjort ein liten endring. Kommunen meinte at denne endringa var så liten, at det ikkje var nødvendig å varsle naboane.»

**Sogn Avis** har ikke hatt ytterligere kommentarer.